

Byggestart til våren

Desember 2015

Gang- og sykkelveg Kløvi– Njøs



På nyåret skal bygginga av gang- og sykkelveg mellom Kløvi og Njøs lysast ut på anbud. Sannsynlegvis blir det byggestart til våren.

– Vi håpar å bli ferdige i løpet av 2016, seier prosjektleiar Tone Anette Espe.

Eitt av tre prosjekt

Ho har ansvaret for alle dei tre gang- og sykkelvegprosjekta på rv. 55 mellom Leikanger og Sogndal. Med seg på prosjektet mellom Kløvi og Njøs har ho byggeleiar Jørn Fosen Simonsen. Han vil ha ansvaret for anlegget når arbeidet er i gang.

I tillegg til ny gang- og sykkelveg, skal veglysa på strekninga frå Njøsavegen til Kløvi bli fornya. Busstoppen vis a vis Statens hus skal også rustast opp.

Samarbeidsprosjekt

Dette prosjektet er også eit samarbeid mellom Vegvesenet og

Leikanger kommune. I samband med bygginga av gang- og sykkelvegen vil dei fornye det kommunale vass- og avlaupsanlegget.

Det kan vere at riksvegen i periodar må leggast om, men dette arbeidet vil sannsynlegvis gå utan stengingar.

– Nokre av dykk vil i periodar ikkje kunne nytte avkøyrslar på grunn av gravearbeid. Dette arbeidet vil bli varsla i god tid, og alternative løysingar vil bli freista der dette let seg gjere, lovar Espe.

Når det gjeld grunnerverv vart grunneigarar som vert påverka av bygginga kontakta i fjor, og det vart gjennomført befarung med dei som ønska det. Det vil bli sendt ut forslag til minnelige avtalar i løpet av januar/februar 2016.

Kontaktpersonar i Statens vegvesen

Prosjektleder Tone Anette Espe, tlf.: 959 48 075
Byggeleiar Jørn Fosen Simonsen, tlf.: 994 62 312
Grunnerverv Ida Jørstad Røysum, tlf.: 991 57 081

Kontaktperson Leikanger kommune:

Per Holen, tlf.: 57 65 56 03/
911 96 392



Leikanger
kommune